

ParaguayPosten

Misjonsinformasjon med litt ekstra.



Med dette biletet frå gatebarnarbeidet si julefest i 2007 sender me dei beste helsingar til alle våre lesarar. Jesus-jenta (- dei hadde ikkje nokon liten gut til framvisninga) vart litt for stor i høve til forteljninga dei illustrerte. Men glede og innleving hadde både Josef, Maria, englane og alle dei andre. Og så budskapet: **Gud sende Jesus fordi han ville så gjerne hjelpa å frelsa oss alle saman!**

Så ekte og enkelt framstilte dei det, og skal gjera det på nytt snart, desse borna som ofta saknar både heim og varme. Og ikkje minst, i ein sterk kontrast til ei kommersialisert jul der me druknar i glitter og stas, englar og nissar. Her ute starta det sist i september!

Juana-prosjektet. Me vil takka alle som har vore med i offer og forbøn for Juana som er leiar for gatebarnarbeidet. Gjennom hjelpa du har gjeve, har ho vore fri til å bruka all si tid til dette arbeidet. Og denne veka, den siste i november, vart taket over tomten ved bosplassen reist. Endå manglar det mykje, men me reknar med å ha tak, golv og gjerde, og det er mykje å takka Gud for!

Gud høyrer bøn i dag som før. Jose og Lorena som arbeider i musikkskulen starta barnekor nede ved bosplassen, og alt verka så lovande. Men så fekk han struma som vaks innover og måtte opererast. Dei fann at han hadde kreft. Då han hadde vakse opp i Argentina, reiste han til Buenos Aires for der kunne han få betre og billigare behandling. Det vart bedt mykje for han i denne tida, og då dei tok første biopsien der nede, fann dei ingen ting. Den neste og var negativ og dokterane erklærte han for frisk. Lorena som studerer musikk og har ei fantastisk stemme, fekk ikkje teke

nokre av eksamenane sine no før sommarferien – jul er sommar her hjå oss – men er elles sjølvsagt jublande glad likevel. Så om du vil, kan du vera med å takka Gud for det som har hendt.

Indianararbeidet. 15.11. fekk me vera med på innviinga av første vidaregåande skulen for Mbyaindianarar. Den ligg 4 km. frå den ungdomsskulen som me har hjelpt gjennom nokre år. Begge desse skulane har undervisning kombinert med jordbruksfag. Det var presidenten i den Søramerikanske fotballunionen, Dr. Nicolas Leos, som finansierte bygginga med sine egne pengar (!), så Gud har gjort eit under også der!

Urtehagen for medisiplantar var ei utfordring ein mbyahjelpepleiar stilte oss over for. Ynsket var å ta vare på medisiplantar stammen har brukt før, og som no vert vekke gjennom mekanisert jordbruk og utstrakt sprøyting med Roundup. Det er laga ein urtehage ved mbya-ungdomsskulen i Jaguary og ein anna i ein mbyakoloni lenger sør, så no er det dei med sin kunnskap om sin tradisjonelle medisin som skal føra arbeidet vidare. Me takkar Gud og alle som har hjelpt til med forbøn og finansiering.

Achefestes 22.10. til minne om då dei kom ut frå skogen i 1976, var ei oppleving. Av venner hadde dei fått to kyr til å grilla og der var mykje folk, både indianarar og folk utanfrå. Dagen starta med gravferd. Ein av dei gamle var død. Han vart fanga som liten gut i skogen, seld og hadde lidd mykje vondt mellom dei han hamna hjå. Alkohol og psykiske problem fylgde han til slutten, men desse som tok han inn i samfunnet sitt, gret og sa mykje fint om han ved grava.

Hovdingen og andre heldt talar og gjennom alt var det med takk til Gud, og bøn til Han om hjelp vidare. Dei hadde investert i ein ny traktor og gjekk derfor inn i eit år med streng økonomi.

15. og 16.11 vitja me kyrkja i Villarica. I tida som forstandar i Caacupe, hadde me ein utpost langt mot nord. Der kom ein unggut ”på rømmen”. Han hadde aldri kjent mor si, faren var død og han hadde levt på gata og hjå forskjellige familiar til han vart kasta ut. Frå skulen vart han kasta ut i 3. klasse.

Han var sjuk og eg vart bedt om å koma og be for han. Då skulle eg ha sagt at ”Han trong ta eit oppgjerd med Gud”, og det gjorde han. Eg vidde han og kona, men



etter det flytte dei. Han hadde aldri blitt døypt. På eit husmøte i eit barnebadebasseng foretok forstandar Oscar Diaz dåpen. Mannen i huset bad dermed og om dåp, så me døypte to - der og då på bibelsk vis.

Me har starta video-opptaka av gamle hendverkstradisjonar til acheskulane. Sist – så brordotter til Inge og mannen vitja oss, vart det teke opp video av korleis dei laga steinøks, fletta vesker og laga krukker. Filmen skal tekstast på ache for bruk i skulane deira. Det var og planar med meir opptak til Mp3 for skulebruk, men det har me ikkje fått til først og fremst av økonomiske grunnar.

På biletet vert skaffet laga. Øksa ligg ferdig ved sida av. Før brukte dei villsvintener til å grava ut holet til øksa.

Dei kalla det "smalhans" før når økonomien var vanskeleg. Endring i dollarkursane heime og ute,



gjer at me får mykje mindre lokale pengar for pengane som vert sende ut. I fjor låg me på oppunder 834 Gs for kvar krone. I år har me fått nesten 200 Gs mindre. I prosent han me derfor hatt ein reduksjon på 25 % på eit år!

Trass dette og med hjelp frå trufaste venner er det snart tak over tomten ved bos-plassen. Dermed kan me ha julefest for borna og innvi-ing den 19.12! Reknar med at me får golv og litt mur, men manglar endå 25 000 kroner til å få alt ferdig.

5 elevar frå Bibelskulen har vore praktikantar hjå oss dette skuleåret og dei har gjort eit godt arbeid. Det var avslutningshelg for dei 30.11.08. Me takkat Gud for dei og for alle – heime og ute – som har stått med i dette vanskelege, men gjevande arbeidet.

Merk at bankkontoen til Misjonsarbeid i Paraguay: 3800.15.08005
Merk kva gåva skal gå til.



Studentane har ferie frå jul og ut januar. Dei som står att no, er 5 Ava Guaraniar: Ein med siste året av jusstudiet og 4 som lærarar. Det ser ut til å gå godt for dei alle. Dei to achegutane slit derimot for å koma vidare. Det kulturelle og kunskapsmessige spranget frå kolonien deira i Puerto Barra og skulen i Asuncion ser ut til å vera for stort. Dei får karakterbøkene 12.12, men me er redde for at me må finna ein anna løysing for dei til neste år. BE FOR DEI!

Jula 2008 gler me oss veldig til....

Den 8. desember ventar me to barneborn og to av døtrene våre til Paraguay for tre veker. Etter planen skal me vera mykje i ro heime, bortsett frå ein tur til fossane i Brasil, ei vitjing hjå acheane og til nokre andre av våre gamle venner.

19. desember er det innviing og julefest ved bos-plassen og den 20. fest for dei frå gata som samlast i kyrkja på laurdagane. 21.12 er det fest i San Lorenzo, første staden me budde for 38 år sidan. Det er 35 år sidan kyrkja deira vart innvia. (Det var første staden me fekk sjå ei kyrkje reist). Me har fått spesiell innbyding til å tala der dei siste åra, og det gler me oss over.

28.12 feirar me familiefest sidan det er 40 års brullaupsdag! Sidan Adelina snart er 15 år vert det og fest for henne slik det er vanleg her ute når jentene fyller 15 år.

Varm takk til alle som har støtta arbeidet med forbøn og offer.

Til slutt står det viktigaste att: Ei inderleg og varm takk til Gud først og så til alle kjære og ukjente som har støtta oss og det arbeidet me har stått i dette året! Det har vore eit spennande år. Travelt, - til tider vel travelt, men også svært rikt på så mange måtar.

Me kan ikkje lønna nokon att, men me har ein stor Gud som både kan lønna att her på denne jorda og på den andre sida av skiljet mellom tida her og æva der. HAN gløymer ingen og heller ikkje noko av alt det gode den einskilde har gjort for Guds Rikes arbeid.

Inger-Johanne og Inge Bjørnevoll.
Postadresse: Casilla de correo 2452,
Asuncion, Paraguay.
E-postadresser:
inger-johanne@bjornevoll.com
inge@bjornevoll.com
Fasttelefon: 595.21.505.768

**"Kva gagnar det eit menneske om han vinn heile verda, men taper sjela si?
Kva kan mennesket gjeva i bytte for sjela si? "**
(Frå Markus 9; 34 – 37).

**"Men lat oss ikkje verta trøytt av å gjera det gode!
For i si tid skal me hausta, berre me ikkje trøytnar. Lat oss då, medan me har høve til
det, gjera det gode mot alle, men mest mot dei som høyrer trua til".**
(Galatarbrevet 6; 9-10).